

NUTEN

Nuten eller Espelandsnuten er fjellstølen til Espeland og ligg vest og oppfor Botn, oppunder Saua-nuten I 770 meters høgde. Her hadde alle bruka sel. Her støla dei med Telemarkskyr og elles sau på beite i fjellet. (Espeland har og støl på Botn) Då Johs. Røkenes vart eigar av bnr 1 og 2 reiv han baa sela og bygde opp eit nytt av den likaste materialen. Bnr 3 og 4 hadde budeie i lag. Ho budde i selet til bnr 3, Der var ikkje traa på Nuten.

Buføringsvegen var om Botn og om Nordrebotn der dei kunne krysse elva best. Dei hadde liggjande materialer til bru som dei kunne sette opp etter behov og som dei tok nedfør vinteren kom. Mellom Nuten og Espeland hadde dei ein snarveg som gjekk rett bak husa på Espeland, denne gjekk for namnet om Hamrane. Her brukte dei om lag ein time alt etter kor mykje baa dei bar.

Vinteren 1932 kaa Jos. Røkenes eit vasshjul fra Liaset om Olastaa til Nuten. Dette var ei bragd som det gjekk gjetord om. Vasshjulet vart oppsett i Nutebekken. Han sette og opp ein lyapestreng ned til Espeland. Med hjelp av dragelina og vasshjulet vart mjaa lkespanna bremsa ned, og tomspann og andre varer dregne oppatt på lyapestrengen.

I Botn hadde han ein kvernkaall i staden for vasshjul. Mjaa lka gjekk til hotella i Ulvik med rutebilen, og tomspanna kom attende. Dei siste aa dei støla hadde Johannes Røkenes telefon til Nuten. Lyapestrengen var leidning, og den andre gjekk i jorda. Bnr 1 slutta aa støla i 1947, dei andre slutta aa ret etter.

Lyapestrengen vart teken ned og nytta som armeringsjarn ved husbygging heime. Selet til Johs. Røkenes vart teke ned i 1956 og materialen merka med tanke på aa byggja opp att. I dag er det berre selet til Odd Ystanes som staa att.

Ingebjaa rg og Anders Kolskaa r leigde selet til Anders Nesbaa på Nuten ei tid. Dei vaa lte om det og bruka det ein del aa r. Vinteren 2004-2005 seig selet saman.

GOD TUR!

Granvin Turlag

Kjelde : «*Staa lane i Granvin*» av Torbjaa rn Seim og lokalkjende